



## MØTEINNKALLING

---

**Utval:** Eldrerådet

**Møtedato:** 09.04.2013

**Møtetid:** 13.00 -

**Møtestad:** Kommunehuset

---

*Varamedlem skal ikke møta utan nærmere innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no) ), som vil kalla inn varamedlem.

leiar av utval

**SAKLISTE**

<b>Saker til handsaming på møtet</b>			
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
003/13	13/173	Faste saker	
004/13	13/115	Oppgåver, etablering og økonomiske konsekversar for ein frivilligsentral i Samnanger	
005/13	10/279	Samhandlingsreforma - uttale frå eldrerådet til Hordaland fylkeskommune	
006/13	10/136	Områdeplan for Bjørkheimsområdet 2.gongs høyring - uttale frå eldrerådet	

**Oversikt faste saker**

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



## SAKSFRAMLEGG

<b>Arkivsaksnr:</b> 13/173	<b>Løpenr:</b> 13/1590
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksbeh.</b>
Eldrerådet	09.04.2013	003/13	MH

### FASTE SAKER

<b>Oversikt faste saker:</b>			
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li> <li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li> <li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li> <li>• Utvalet sitt kvarter</li> </ul>			

### Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

<b>Arkivsak</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Dok.type</b>	<b>Avs./mott.</b>	<b>Tittel/innhold</b>
12/105	22.02.2013	I	Hordaland fylkeskommune	Lyttevener i grunnskulen
12/333	27.02.2013	I	Magne Høgelid	Brukarmedverknad i Kommunane

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Arnved Soldal Lund	<b>Arkivkode:</b> FA-F08
<b>Arkivsaksnr:</b> 13/115	<b>Løpenr:</b> 13/1583
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksbeh.</b>
Eldrerådet	09.04.2013	004/13	ASL

### **OPPGÅVER, ETABLERING OG ØKONOMISKE KONSEKVERSAR FOR EIN FRIVILLIGSENTRAL I SAMNANGER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

.....

**Kva sak gjeld:**

Eldrerådet hadde i møte den 19.02.2013 ynskje om å få ei sak om oppgåver, etablering og økonomiske konsekvensar for ein frivilligcentral i Samnanger.

**Vurderingar og konsekvensar:**

*Oppgåver lagt til frivilligcentralen*

I Kulturdepartementet sine retningsliner for frivilligcentralar heiter det:

*”Sentralens innsats, ikkje på noko område skal vera ein del av, eller erstatning for dei offentlige hjelpeapparata, men berre vera eit supplement og ein støttefunksjon. Sentralen skal fyrst og fremst bidra til å ivareta og stimulera dei friske ressursane hos enkeltmenneske og lokalsamfunn.*

*Frivilligcentralar skal vere ein lokalt forankra møteplass som er open for alle som har lyst å vera med på frivillig verksemd”.*

Det er vanskeleg å seia noko om kva for nokre oppgåver ein frivilligcentral i Samnanger skal ha utan å kjenne behovet. Eldrerådet har, i møte den 19.02.2013, fått presentert Arna frivilligcentral og diskutert kva dei ynskjer av ein frivilligcentral. Arna frivilligcentral driv med mykje, men dei oppgåvene dei har, som og vart nemnt i Eldrerådet, som noko me ynskjer i Samnanger er:

- Senioruniversitet

- Dataopplæring for seniorar
- Følgjeteneste til lege, kontroller ved sjukehus m.m.
- Handlekjøring for eldre som bur heime.
- Besøks og telefonvenn teneste
- Sjølvhjelpsaktivitet
- Bistand til andre lag og organisasjonar
- Natteravn
- Praktisk hjelp som hagearbeid, snømoking, smått førefallane arbeid i heim m.m

Utan å ta stilling til korleis eigarskapet skal vera, er det viktig at dei frivillige foreiningane som finst i Samnanger ynskjer å delta. Sentralen skal utviklast av dei menneska som er knytte til sentralen, men sidan det er Eldrerådet som har tatt initiativet til etableringa er det naturleg at me forankrar den i våre planar.

Me har ein visjon om Samnanger – der du vil leva og bu. Ein frivilligsentral kan bidra slik at me kan nå vår visjon. I kommuneplanens første satsingsdråpe, Levekår, har som hovudmål at *"Samnanger kommune skal vera eit attraktivt og livskraftig samfunn for alle innbyggjarane"*.

I Plan for folkehelse er det spesielt i fire av seks satsingsdråpar kor det er naturleg at ein frivilligsentral kan bidra. Dei er Engasjerte lokalsamfunn, Sosial tilhøyring, Fysisk aktivitet og Psykisk helse. Hovudmåla for dei dråpane er:

- *"Innbyggjarar som er engasjert i eige lokalsamfunn"*
- *"Alle skal oppleva at dei tilhørar eit sosialt og inkluderande fellesskap"*
- *"Aktiv kvar dag"*
- *"Samnanger eit ope og inkluderande samfunn der alle har mogelegheit til å leva det gode liv."*

I Kulturplanen har me nokre ynskje om korleis det skal verta i framtida. Dei ynskja som ein frivilligsentral kan ta del i er:

- Turgruppe
- Treningskontaktar
- Seniorsenter/møteplass
- Etablere møteplassar det framande kulturar møter kvarandre og vår eigen kultur.
- Bruka innbyggjarar aktivt i kurs/møter/prosessar for auke kunnskap og forståing om andre kulturar og tradisjonar (mat, handarbeid, kunst, musikk/dans m.m)

Eining for kultur ynskjer å hjelpe og styrke dei frivillige lag og organisasjonane me har i kommunen. At dei er levedyktige er gjer at kulturlivet i Samnanger er breiare enn det ville ha vore dersom me ikkje hadde hatt dei.

I Plan for pleie og omsorgstenester vart Eining for pleie og omsorg sitt samarbeid med frivillige omtala.

Ei rekkje friviljuge personar stiller seg til rådvelde for pleie- og omsorgstenesta når det gjeld å gje tilbod til heimebuande eldre i eit dagsentertilbod. Dei er då med på aktivitetar og måltid.

- Røde Kors besöksteneste besøkjer heimebuande som elles lever isolert og som av ulike grunnar er lite i stand til å koma seg ut or eigen heim.

- Røde Kors besøksteneste arrangerer ein årleg tur for heimebuande som ikkje har anna tilbod om aktivisering gjennom pleie- og omsorgstenesta.
- Røde kors besøksteneste skipar til fest for bebruarane på Samnangerheimen kvar vår og haust.
- Nokre personar stiller som friviljuge sjåførar for å frakta dei heimebuande til og frå dagsenteret.
- Lionsklubben pyntar og set opp juletre utanfor Samnangerheimen 1. søndag i advent

Vidare seier planen at det kan verta ei utfordring å nytta frivillige i framtida. Mange vegrar seg for å forplikta seg til faste/regelmessige oppgåver. Dette er ei oppgåve som ein frivilligsentral kan oppmuntra og koordinera. Elles er det tiltak 14 *Seniorsenter* som kan falle innanfor det ein frivilligsentral kan og skal jobba med. Ein frivilligsentral kan skapa ein møteplass.

I Stortingsmelding nr. 39 (2006-2007) har dei lista opp tre forskjellige sentraltypar: hjelpesentralen, møteplassentralen og nærmiljøsentralen. I møte i Eldrerådet 19.02.2013 var det ein hjelpesentral som vart presentert, og det var det Eldrerådet såg for seg.

I rapport 2012:4 "*Frivilligsentralen i nærmiljøet: Konkurrent eller katalysator?*" (Lorentzen, 2012) vert det skilja mellom to typar sentral: sosialsentral og nærmiljøsentral. Det som Lorentzen omtalar som sosialsentral er det som Stortingsmelding nr. 39 (2006-2007) omtalar som hjelpesentral.

Lorentzen seier at det viktigaste skilje mellom ein sosialsentral og ein nærmiljøsentral kan knytast til sentralens evne til å virke som ein katalysator for det lokale foreningslivet. Mange sosialsentralar oppfattast som ein konkurrent til foreningslivet, mens ein nærmiljøsentral kan tilføre assistanse og kompetanse.

Kva slags sentral som er mest hensiktsmessig for Samnanger vil kome fram når ein har kartlagt behovet og etter at me har prioritert kva me ynskjer av ein frivilligsentral.

### ***Korleis ein etableringsprosess kan gå føre seg***

Når me kjenner behovet og kva for nokre prioriteringar me ynskjer, må me utarbeide visjon og mål for frivilligsentralen. Ein av grunnsteinane i ein frivilligsentral er at den ikkje skal vera til for seg sjølv, men for dei som ynskjer å bidra. Det er derfor viktig å trekka dei frivillige med frå fyrste stund.

I ein frivilligsentral vil det vera både enkelpersonar og personar med medlemsskap i eksisterande organisasjonar som er frivillige. Det er viktig i ein etableringsprosess at alle som ynskjer det, kan få si stemme høyrt.

Det er viktig at alle frivillige organisasjonar som allereie eksisterar i Samnanger får høve til å bidra i ein sentral. Dersom sentralen skal fungera må me ha ein brei forankring i lokalmiljøet. Det er ikkje vurdert korleis eigarskapet skal vera, men det bør takast ein diskusjon med dei organisasjonane som er interesserte i å vera med.

### ***Økonomiske konsekvensar***

Det er eit krav om at det er ein dagleg leiar på sentralen. For tabellen nedanfor er det tatt utgangspunkt i ei årsløn på kr 410 000. For å få fullt tilskot frå Kulturdepartementet må me ha eit driftstilskot på minimum kr 516 000 (for 2013). Dersom me har eit mindre driftsbudsjet vil tilskotet verta avkorta tilsvarende.

<b>Stillingsprosent</b>	<b>Lønskostnad</b>	<b>Tilskot</b>	<b>Eigen del</b>
50	281 628	155 000	126 628
60	337 954	186 000	151 954
70	394 279	217 000	177 279
80	450 605	248 000	202 605
90	506 937	279 000	227 931
100	563 257	310 000	253 257

Lokala til ein frivilligsentral vert ofte trekt fram som ein viktig ressurs for dei. Eining for kultur har ikkje vurdert moglege lokale og kostnadar med desse. Ein sentral treng eit kontor til dagleg leiar. Då vil sentralen berre ha koordinering av frivillige som oppgåve. Dei sentralane som har størst suksess har òg lokale slik at dei kan skapa ein møteplass for dei som ynskjer det. Kva for nokre lokale sentralen treng, vil koma fram når me kartlegg behovet og me gjer våre prioriteringar.



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Magda Haugen	<b>Arkivkode:</b> FA-G00
<b>Arkivsaksnr:</b> 10/279	<b>Løpenr:</b> 13/1450
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksbeh.</b>
Eldrerådet	09.04.2013	005/13	MH

### **SAMHANDLINGSREFORMA - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET TIL HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

---

**Dokument som er vedlagt:**

Vedkomande oppfylging av samhandlingsreforma  
Samhandlingsreforma erfaringar i Samnanger pr 14.docx

---

**Kva saka gjeld:**

Fylkeseldrerådet i Hordaland har ved brev datert 22.02.13 bede om at eldreråda i kommunane skal uttala seg om røynslene med samhandlingsreforma så langt. (brevet ligg ved).

**Vurderingar og konsekvensar:**

Administrasjonen har bedt om at leiar for Eining for pleie- og omsorg Grete Lill Hjartnes kjem med ei orientering til Eldrerådet i Samnanger. Ho har ikkje høve til å møta og difor har ho gjeve ei skriftleg orientering om saka. Orienteringa legg ved.



25 FEB 2013

EMNEKODE: .....

OBJEKTkode: .....

SAKSH... GRADERING.....

Kommunale eldreråd/fellesråd i Hordaland

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykker ref.:  
201112604-120/015/DIAKIL

Bergen, 22. februar 2013

## Vedkomande oppfølging av samhandlingsreforma

Samhandlingsreforma vart iverksett frå 01.01.2012. I samanheng med reforma ynskjer fylkeseldrerådet å fylgja opp «Handlingsprogram for perioden 2013 – 2015» der rådet har vedteke følgjande:

- *Fylkeseldrerådet vil særleg setje fokus på samhandlingsreforma og utfordringar i høve den eldre befolkningen.*
- *Fylkeseldrerådet vil informere og rettleie dei kommunale eldreråda særleg med tanke på å overvake uheldige hendingar og negative røynsler i forbindelse med inn- og utskriving av eldre pasientar. Det er viktig at dei kommunale eldreråda generelt held seg orientert i forbindelse med utviklinga av samhandlingsreforma.*
- *Fylkeseldrerådet vil nøyne overvake utviklinga av samhandlingsreforma og i samarbeid med kommunale/regionale eldreråd gje innspel til aktuelle utfordringar.*

Etter vel eit års virke har kommunane ulike røynsler med samhandlingsreforma - både negative og positive, særleg i samband med inn- og utskriving av pasientar frå sjukehus. Samhandling mellom sjukehusa og kommunehelsetenesta har gitt mange utfordringar. Dette gjeld i første rekke enkelte kommunar der helsetenesta i tilstrekkeleg grad ikkje var førebudd på reforma av ulike grunnar.

Gjennom media er det framkome negative hendingar i samband med utskriving av eldre pasientar frå sjukehusa. Ofte er årsaka at kommunen ikkje har lagt til rette for nødvendig tenestetilbod for den enkelte utskrivingsklare pasient.

Det er naturleg at dei kommunale eldreråda har fanga opp og er kjent med eventuelle negative hendingar ved utskriving frå sjukehus og/eller andre hendingar som har samanheng med samhandlingsreforma.

I samsvar med ovannemnde vedtak i fylkeseldrerådet sitt handlingsprogram ynskjer rådet følgjande tilbakemelding frå dei kommunale eldreråda:

Kva røynsle harråda til no i samband med samhandlingsreforma?

- Er eldreråda kjent med uheldige hendingar i samband med utskrivingsklare pasientar (dei eldre)?
- Fungerer/samsvarar tenestetilbodet i kommunehelsetenesta ut frå forventningar og behov, særskilt hos den eldre befolkning?
- Kva meiner eldreråda må endrast/styrkast eller fungerer lite tilfredstilande i din kommune?
- Kva positive røynsler har eldreråda etter at reforma vart iverksett?
- Andre synspunkt/kommentarar.

Dei kommunale eldreråda er særstakt viktige når det gjeld å overvake utviklinga i samhandling mellom sjukehusa og kommunehelsetenesta. Fylkeseldreådet vurderer eit samarbeid med eldreråda som nødvendig med dei store utfordringar som ligg føre i utviklinga av reforma i tida framover.

Fylkeseldrerådet er takksam for ei tilbakemelding på ovannemnde spørsmål  
**snarast og seinast innan fredag 5. april 2013.**

**Svar kan sendast til:**

Hordaland fylkeskommune  
v/Fylkeseldrerådet i Hordaland  
Postboks 7900  
5020 Bergen

**Spørsmål kan rettast til Margot Bertheussen:**

Tlf. 91 59 06 92  
E-post: [margo-be@online.no](mailto:margo-be@online.no)

På førehand takk!

Med venleg helsing  
for Fylkeseldrerådet i Hordaland



Margot Bertheussen  
-fung.leiar-

## Samhandlingsreforma erfaringar i Samnanger pr 14.03.13.

### Utskrivingsklare pasientar:

Samnanger kommune har heile tida greidd å ta imot utskrivingsklare pasientar. Bra sjukeheimsdekning og dyktige tilsette har gjort dette mogeleg. Då samhandlingsreforma tok til 01.01.12 greidde me framleis å ta imot dei utskrivingsklare pasientane. Likevel merkar me stor endring. Pasientane vært meldt tidleg utskrivingsklar og dialogen med tilsette på sjukehuset er til tider utfordrande. Pasientane får god omsorg når dei kjem hit og kompetansen hjå dei tilsette er god. Likevel er dette til tider svært utfordrande. Me har og fått ein auke i korttidsopphald i institusjonen. Medan me i 2011 hadde 31 opphold hadde me i 2012 54.

Samnanger kommune har lenge gitt avansert behandling ( iv, smertepumper, O2, sonde mm). Dette har gjort at overgangen for oss ikkje vart så stor som for enkelte andre kommunar.

Samnanger kommune har samordna tenester der tilsette arbeider både inne på Samnangerheimen og ute i heimetenesta. Det er god oversikt og tilsette ser utfordringar og løysingar på ein god måte. Me vurderer heile tida kvar det er rett å gje tilbodet til pasienten som kjem frå sjukehus, i eigen heim eller på Samnangerheimen.

I avtalen med sjukehuset står det at sjukehuset definerer når pasienten er utskrivingsklar og at det er kommunen som bestemmer om den er klar til å ta imot pasienten.

Me har opplevd at på trass av at me meldte attende at sjukehuset måtte halde på pasienten valte dei å sende pasienten attende til Samnangerheimen utan vårt samtykke. Det er sendt klage til sjukehuset på dette.

Me opplever og at dei sender rekning på døgn dei meiner me skal betale for. Me klager og dei set med sakshandsaminga og "bestemmer" kven som har rett. "Bukken til havresekken", dette er utfordrande.

Skal kommunane kunne halde fram med å ta imot utskrivingsklare pasientar vil det krevje god planlegging av kompetansebygging i kommunen. Me har i dag utvida kompetanse innan ( demens, smerte- og lindrande behandling, sår, ernæring, LCP mm). I tillegg skal kommunen saman med Os og Fusa no i gang med to team innan KOLS ( lungesjukdomar) og DIABETES. Tanken er å få kompetanse ut til tilsette i kommunane samt å kunne følgje opp pasientar direkte.

For å få meir flyt i kommunikasjon mellom 1.og 2. linjetenesta skal ein arbeide for å få innført elektroniske meldingar. Samnanger kommune håpar å ta dette i bruk i løpet av 2014.

### Utfordringar framover:

- Fokus på kompetanseheving hjå tilsette ( må ha nok/rett kompetanse for å ivareta pasientane).
- Nok tilsette til å handtere oppgåvene.
- Mellombels drift. Vil kunne få utfordringar i byggjefasen. Færre plassar i institusjon kan verte utfordrande.

Grete Lill Hjartnes  
Pleie og omsorgsleiar  
14.03.13



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Magda Haugen	<b>Arkivkode:</b> FE-143
<b>Arkivsaksnr:</b> 10/136	<b>Løpenr:</b> 13/1461
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksbeh.</b>
Eldrerådet	09.04.2013	006/13	MH

### **OMRÅDEPLAN FOR BJØRKHEIMSOMRÅDET 2.GONGS HØYRING - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

---

**Dokument som er vedlagt:**

Brev om 2.gongs høyring.pdf

---

**Kva saka gjeld:**

Eldrerådet er ein av høyringsinstansane når no områdeplan for Bjørkheimsområdet er lagt ut på 2.gongs høyring. Det vert vist til vedlagte brev frå Samnanger kommune om bakgrunnen for denne 2. høyringa.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Då medlemmene i eldrerådet (som ikkje nyttar iPad) fekk alle dokumenta ved første høyringa, har ein valt å ikkje senda ut desse dokumenta no. Dersom nokon i eldrerådet likevel ynskjer desse dokumenta på nytt, kan administrasjonen hjelpa til med det. Til dei som nyttar iPad: På denne lenka finn de høyringsdokumenta:

<https://www.samnanger.kommune.no/artikkel.aspx?Aid=804&Back=1&Mid1=100>

Eldrerådet gjorde følgjande vedtak då planen var til høyring 1. gong:

## ELD-002/12 VEDTAK:

- Eldrerådet vil sterkt understreka at planen skal ivaretta universell utforming i alle samanhengar. Dette gjeld både bustader (livslaupstandard), forretningar, i høve friområde, park, sjø og trafikkareal (busslommer).
- Rådet er og oppteken av at det vert bygd omsorgsbustader i Bjørkheimsområdet.
- Bibliotek skal vera ein sentral møteplass og eldrerådet ønskjer difor at biblioteket vert etablert i Bjørkheimsområdet.



Eldrerådet  
v/ sekretær Magda Haugen  
Tyssevegen 217  
5650 TYSSE

SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN	
SAK.NR.....	J.NR.....
07 MAR 2013	
EMNEKODE:.....	
OBJEKTkode:.....	
SAKH:.....	GRADERING:.....

Vår referanse:  
10/136/13/997/TEK/RLØ

Arkivkode:  
FE-143

Dykkar referanse:

Dato:  
27.02.2013

## KUNNGJERING AV 2. GONGS OFFENTLEG ETTERSYN - OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR BJØRKHEIMSOMRÅDET

Områdereguleringsplan for Bjørkheimsområdet er no lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn, etter at Fylkesmannen den 07.02.2013 oppheva kommunestyret sitt endelige vedtak av planen den 20.06.2012. Opphevinga vart gjort i samband med handsaming av dei klagene som fleire av grunneigarane fremja mot planen.

Vedtaket vart oppheva fordi endringane mellom planforslaget som låg ute til offentleg ettersyn og planen som vart vedteken, var så store at planen skulle vore gjennom ein ny høyringsrunde før vedtak. Dette for å sikra offentleg og privat medverknad og samråd i reguleringsprosessen.

Planen må difor leggjast ut til offentleg ettersyn igjen no. Naturutvalet (det faste utvalet for plansaker) har vedteke å leggja ut planen med dei endringane som kommunestyret vart einige om i sitt vedtak. I tillegg tek ein med at det ved handsaming av klagene vart gjort vedtak om dei to nedanforståande punkta. Desse er ein del av høyringa, men dei er ikkje teikna inn på plankartet:

- G4 vert omgjort frå gangveg til køyreveg på 5,5-6 m. Gangvegen kan då gå mellom husa inne på F/K2, slik den gjer i dag. Undergangen under fv7 koplar seg då på denne eksisterande gangvegen i staden for G4.
- Det vert tilkomst til eksisterande parkeringsplassar i det vestlege hjørnet av F/K2, via krysset KV5 -> G4.

Plandokumenta er publiserte på kommunen si heimeside, [www.samnanger.kommune.no](http://www.samnanger.kommune.no) under "Temasider/høyringar", samt at dei er fysisk tilgjengelege for gjennomsyn i ekspedisjonen på kommunehuset.

Alle som har interesse for det kan koma med uttale til planframlegget som no vert lagt ut til høyring. Klagene som kom frå grunneigarar innanfor planområdet i førre runde vil inngå i den nye handsaminga av planen. Det er også høve for klagarane å koma med nye eller justerte uttalar til høyringa.

Merknadar til planframlegget skal sendast Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 TYSSE, eller [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no) innan 8. april 2013.

Med helsing

Ragnhild Lønningdal

Ragnhild Lønningdal  
planleggjar



SAMNANGER KOMMUNE  
SENTRALADMINISTRASJONEN  
SAK.NR. 12/105 J.NR.....

25 FEB 2013

EMNEKODE: .....

OBJEKTkode: .....

SAKSH: ..... GRADERING .....

Kommunale eldreråd/fellesråd i Hordaland

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykker ref.:  
201112604-121/015/DIAKIL

Bergen, 22. februar 2013

## Lyttevener i grunnskulen

På Eldrerådkonferansen i Hordaland 30. – 31. oktober presenterte prosjektleiar i Vest-Agder fylkeskommune, Tor Peersen prosjektet "Lyttevenner". Prosjektet har hatt stor suksess i Agder-fylka, og svært mange grunnskular har hatt stor glede av tiltaket.

Lyttevener er gjerne pensjonistar som finn det spanande og hyggeleg å treffe born i 7-9 års alder og samarbeide om lesetrening. Pensjonistane (og andre som har tid og interesse) skal ikkje lesa for borna, men lytta til lesinga deira og hjelpe til med å skjøne vanskelege ord og samanhenger i teksten.

Målsetjinga er ikkje lesetrening åleine, men også høvet til å utveksla kontakten over den såkalla generasjonskløfta. Erfaring har vist at det utviklar seg venskap mellom lytteven og elev, difor navnet «Lyttevener» på prosjektet.

I Agder-fylka har fylkeseldreråda medverka aktivt for å få prosjektet starta opp i grunnskulane, då i nært samarbeid med dei kommunale eldreråda.

På Eldrerådkonferansen 2012 var tilbakemeldinga frå deltarane positiv til vidare informasjon om prosjektet.

Vi legg ved ei brosjyre om prosjektet i Agder-fylka.

Vi vonar dette prosjektet kan ha interesse.

Med venleg helsing  
for Fylkeseldrerådet i Hordaland

Margot Bertheussen  
-fung.leiar-

## HVEM KAN BLI LYTTEVENN OG HVA FORVENTES AV EN LYTTEVENN?

Alle som har lyst til å være sammen med barn, er glad i å lese, og har lyst til å bruke litt av sin ledige tid til å kombinere disse to interessene, kan bli lyttevenn.

Lyttevennene skal ikke lære barna å lese, men barna trenger å øve seg på å lese, for å bli glad i lesing. De skal være gode lyttere, positive og oppmuntrende. De kan hjelpe elevene å forstå sammenhenger i teksten hvis de står fast.

Lyttevennene prater ofte med barna om det de har lest, det styrker forståelsen.

Fra kunnskapsministeren Kristin Halvorsen,  
februar 2010

*...å lære å bli flinke til å lese er en av skolens viktigste oppgaver, og jeg synes det er veldig positivt at også krefter utenfor skolen kan bidra som ekstra ressurs. Særlig positivt synes jeg det er at prosjektet bringer sammen barn og pensjonister, til felles glede og nytte.*



Som lyttevenn får du ikke lønn, men du får dekket faktiske utgifter som for eksempel kjøreutgifter. Du får mange nye venner! Ønsker du nærmere opplysninger om lyttevenn arbeidet, kontakt:  
Vest-Agder fylkeskommune  
380 74 500 eller gå inn på fylkeskommunens hjemmeside: [www.vaf.no](http://www.vaf.no)  
Skriv eventuelt, for mer informasjon til:

Vest-Agder fylkeskommune,  
Postboks 517, Lundsiden  
4605 KRISTIANSAND



Fylkesmannen i Vest-Agder



UNIVERSITETET I AGDER



Aust- og Vest-Agder  
fylkeskommuner

## BLI LYTTEVENN ! Lyttevenner i grunnskolen



(Foto: Lindesnes Avis)

Lyttevenner er gjerne pensjonister som finner det spennende og hyggelig å treffe barn i 7 til 9 års alder og samarbeide om lesetrening. Lesetreningen foregår på skolen i skoletiden, en til to timer pr uke.

Pensjonistene (og andre som har tid og interesse) skal ikke lese for barna, men lytte til barnas lesing og hjelpe til å forstå vanskelige ord og sammenhenger i teksten.

Målsettingen er ikke kun lesetrening, men også mulighet til å utvikle kontakten over den såkalte generasjonskløften. Erfaring har vist at det utvikler seg vennskap mellomlyttevenn og elev, derav navnet på prosjektet.

## AKTIVE ELDRE SOM RESSURS I SKOLEN

I de siste årene har det gjennom internasjonale undersøkelser vært fokusert på at norske elever kommer dårlig ut i forhold til elever i andre land når det gjelder leseferdigheter. Dette har norske myndigheter forsøkt å løse gjennom ny skolereform og nye læreplaner. Reformen fokuserer mye på at lesing skal styrkes. Målet er at elevene må utvikle seg til gode lesere i løpet av småskoletrinnet, noe som vil lette skolegangen i det videre læringsforløpet.

**19** I Norge er det ca. 400 000 personer i aldersgruppa 6-12 år; dvs. den aldersgruppa hvor grunnlaget for

**av** leseferdigheter legges for resten av livet. Det er nærmere 400 000 "eldre" i aldersgruppen mellom 67 og 80 år. Mange av disse er glade i å lese.

Erfaringer har vist at vi kan skape en forbindelseslinje mellom aktive eldre som er glad i å lese, og barn som har lyst til å lære det!

## LITT OM LESE- OG SKRIVEUTVIKLING

## VÅRE ERFARINGER

Når vi leser er hele poenget at vi skal forstå det vi leser, men i begynnelsen vil det å koble sammen bokstaver og lyder, for så å huske hva slags ord det blir, være så krevende at det kan gå ut over forståelsen. Derfor er det viktig at barn hele tida blir minnet om at de også må forstå det de leser. Det blir de for eksempel når vi snakker med dem om den teksten de har lest, hva ordene betyr, og hva teksten forteller oss. Når vi leser høyt for barna kan de koncentrere seg fullt og helt om innholdet, derfor er voksnes høytlesning en viktig aktivitet i denne perioden. Men det er også viktig at de får lese selv.

Rektorer og lærere som har erfaring med lyttevenner gir uttrykk for at elevene mestrer lesing på enbedre måte og at besøk av lyttevennene bedrer miljøet i skolen. Elevene leser for sine lyttevenner i klasseværelssets tilstøtende rom og gir beskjed til neste elev etter lesing. Det virker som om det ligger en viss trygghet i rutinen, og elevene gleder seg til å lese for sine lyttevenner. Oppgaven for lyttevennene er å lytte og hjelpe til med vanskelige ord og leseforståelse.

Lyttevennene melder tilbake at det er morsomt å se hvor flinke ungene etter hvert er blitt til å lese. De er glade for å kunne gi et lite bidrag i denne læringsprosessen. Ved hjelp av lyttevennene får elevene trent seg oftere, noe som er nødvendig i begynneropplæringen.



Prosjekt Lyttevenn er i dag et samarbeid mellom fylkeskommunene på Agder. Prosjektet inngår i oppfølgingen av Regionplan Agder 2020.

Til

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråd i alle dei 22 kommunane som har inngått samarbeidsavtale med Helse Bergen og Haraldsplass**

Brukarutvalet i Helse Bergen viser til Overordna Samarbeidsavtaleinngått mellom spesialisthelsetenesta og kommunane i Helse Bergen sitt opptaksområde og denne avtalen sitt punkt 7 : **INVOLVERING AV PASIENT- OG BRUKARORGANISASJONAR**

"Det skal leggast til rette for brukarrepresentasjon i alle organ og møtearenaer som inngår i denne samhandlingsavtalen. Ved oppnemning av brukarrepresentant/-ar skal ein vende seg til Brukarutvalet ved det mest involverte sjukehuset/helseføretaket. Brukarutvalet skal sørge for riktig representasjon. I mange samanhengar er det naturleg med lokal representasjon gjennom Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, - då må brukarutvalet kontakte desse. I dei høve der brukarutvalet ser det som formålstenleg, kan det oppnemnast to brukarrepresentantar.

Brukarmedverknad skal også sikrast ved at det regelmessig og systematisk vert gjennomført brukarundersøking hos alle involverte partar.

Partane i spesialisthelsetenesta som inngår denne avtalen skal ha brukarutval. "

For at Brukarutvalet skal kunne oppfylle denne avtalen har vi behov for å få ein kontaktperson i råda i den einskilde kommune som kan kontaktast når det er behov for brukarrepresentantar i kommunen/regionen.

Vi ber om at kontaktinformasjon blir sendt elektronisk så snart som mogeleg til Brukarutvalet i Helse Bergen v/ Siv Holmedal.( [siv.holmedal@helse-bergen.no](mailto:siv.holmedal@helse-bergen.no) )

Med helsing

Jorunn M. Bakke

Leiar av Brukarutvalet i Helse Bergen

Kopi til:

Ordfører

Rådmann